

# VENELAGET OLAV H. HAUGE

Medlemshefte for Venelaget Olav H. Hauge, stifta 1999

DESEMBER 2019

## Innhald

Leiaren har ordet	2
Når det kjem til stykket. Av Sjur Tjelmeland	3
Mellom trea. Av Anne Karin Fonneland	5
Olav H. Hauge og romanen Due og drone av Kjartan Fløgstad. Av Olav Ljones	10
Olav Hauge i romanen Min Kamp av Karl Ove Knausgård. Av Olav Ljones	18
Varast i garden. Av Krl. Knågård, Espen Stueland og Asbjørn Jensen frå TAL nr 4 1990	20
Salmar av Hauge. Av Olav Ljones	30
Olav H. Hauge-kveld på Litteraturhuset i Bergen våren 2019. Av Marit Hafting	32
Olav H. Hauge på bokmessa i Frankfurt, oktober 2019. Av Olav Ljones	33
Kort om skribentane i dette heftet	39



Denne hausten har Haugevenene kunne gleda seg over at diktarverket til Olav H. Hauge var høgt på dagsorden, ikkje berre her heime, men og ute i verda.

Eg tenkjer på den plassen som Olav H. Hauge og særleg diktet Det er den draumen, spela ved den store og velkjende bokmessa i Frankfurt. Her har me samla litt usystematisk stoff henta frå nettet for at dei av lesarane som ikkje er aktive på internett òg kan sjå litt om den plassen som gartnaren frå Hakestad i Ulvik fekk. Det er litt av ei reise dikta hans har fått.

Men det er ikkje berre Hauge som skin på litteratur-himmelen. Ein som er kjend i mange land er Karl Ove Knausgård, ikkje minst grunna romanverket Min kamp. Det er ikkje nytt, men vi har likevel trekt fram bind 1 i dette romanverket kor Knausgård fortel om da han og to andre studentar vitja Olav H. Hauge for eit intervju. Det er og plass til to dikt av Olav H. Hauge i denne romanen, som er kjend nær over heile verda. Dei tre studentane som vitja Hauge var der på vegne av studentavisa TAL, ei avis for Studentmållet og i boksamlinga etter Hauge spora vi opp den artikkelen som dei tre studentane skreiv. Saman gjev Min kamp og artikkelen frå TAL eit fint bilete av ein stor diktar Hauge, men òg at han hadde glede

av desse unge gjestane, og kanskje Hauge allereie i 1990 merka at ein av studentane vil nå store høgder som forfattar.

Så kan dei som fylgjer med det som skjer i norsk litteratur, ha fått med seg at Kjartan Fløgstad i den nye romanen Due og drone har gjeve forfattarskapen til Olav Hauge og særleg dagbøkene ein framheva plass. Boka omhandlar ikkje personen Olav H. Hauge, men det at han hadde lang pause i dagbokskrivninga i åra frå 1939–1944. I omtalen av denne pausen nemner Fløgstad på sakprosa vis kva andre meiner om denne pausen og trekk og fram eit dagboksitat av Hauge frå 1938 som kan tolkast som ei vurdering av Hitler. Redaksjonen har tenkte at det kan ha interesse med nokre fleir detaljar frå dagbokskrivninga. Ein kan vel tenkja at det vi finn stettar eit syn om at det var ei pause og at den har ei naturleg forklaring, det syn som Bodil Cappelen har formidla. Men vi har ikkje noko tungvegande prov på at dette er heile sanninga. Romanen til Fløgstad er skriven i stor, stor vryrdnad for dikteren Olav H. Hauge og diktarverket som han let etter seg. Både for Fløgstad, men og for oss som skal forstå både Fløgstad og Hauge, er dagbøkene ei kjelde til kunnskap og innsikt. Det er fleire prov på at Olav H. Hauge såg krafta i forfattarskapen til Fløgstad.

Dette er omtala i artikkelen om romanen til Fløgstad.

Det kan skrivast mange ord om diktarverket og forfattaren Olav H. Hauge. Dette kan ein ha gleda av, men samstundes må ein hugsa på at det er dikta og den verdien dikta har for lesaren som er det største. Det er difor med stor glede at vi og i denne utgåva av Venelagshäftet har med dikt og diktomtale. Det er og teke med ei oppklaring av ein feil i frå i fjor om salmar av Hauge og litt om kva Hauge skreiv om eitt av desse dikta som er med i salmeboka. Så kan kvar og ein ha sine tankar om Olav H. Hauge

var fortruleg med rolla som salmediktar, men verdien av desse dikta, òg som salmar, vert ikkje mindre av at Hauge hadde nokre kritiske merknader i dagboka.

Så er det igjen joletid, så eg sluttar med dette vesle verset etter Hauge som vi og trykte i heftet desember 2018, som ei jolehelsing frå styret i Venelaget

Me skal feira jol  
i kvart vårt bol.  
Og vera sæle te  
at me har fred  
og godt med ved.

## **NÅR DET KJEM TIL STYKKET** *av Sjur Tjelmeland*

---

År ut og år inn har du site bøygd over bøkene,  
du har samla deg meir kunnskap  
enn du treng til ni liv.

Når det kjem til stykket, er det  
so lite som skal til, og det vesle  
har hjarta alltid visst.

Det er lite som skal til, og det vesle har hjarta alltid visst. Her snakkar dikteren og vismannen Olav H. Hauge om det som står i bøkene. Når me les om dikteren og tekstane hans, fell tanken lett på at det må vera kunnskap og boklærdom han vil seia noko om. Då vil han vel koma med ei lovprising av kor viktig og verdifullt det som står i bøkene er?

Ja, det er vel sant. Men så kan

ein dåre koma på at skrive- og lesekunsten ikkje er så hauggammal, i alle fall ikkje blant folk flest. I min oldemorgenerasjon var det ikkje sjølvsagt at alle var «brevsynte», det vil seia at dei kunne lesa og skriva. I det norske Amerika var det eit ærleg tenesteyrke å ta seg betalt for å hjelpa utvandrara med skriva brev heim til slekta i gamlelandet.

Diktet vender seg til dei som har studert i mange år; i årevis har dei

luta seg over bord og bøker og prøvt å forstå og tileigna seg kva som står på dei tusenvis av boksidder. Diktaren slår fast at lesaren har samla seg kunnskap, og då er vel alt vellukka og vel fortent?

Nja, den studerande har vel òg arbeidd til lite nytte, sidan han har samla seg meir kunnskap enn han har bruk for, ikkje berre i eige liv, men til ni liv. Ikkje noko mindre.

Her kjem diktaren med ein liten ironisk snert; det heiter seg at katten har ni liv. Om det er eit ærefullt trekk ved kjetta, eller om det er eit hint om at ho er eit utkrope vesen, sjå det, det er ikkje godt å seia.

Men me treng ikkje slita oss ut med å sitja fram gruve over bøkene: Når sant skal seiast, er det lite som skal til. Diktaren meiner vel då at me treng ikkje bruka ni liv, heller ikkje eitt liv, på å grava i bøkene etter det som trengst til å leva eit godt og leveleg liv?

I alle fall: det har hjarta alltid visst.

I siste setning ser me at diktaren dreg på fliren: I Egypt, sjølv opphavet til den lærde boklege kulturen, vil me tru, der såg guden for lærdom ut som ei ape.

Ei ape, eller ein apekatt, er eit uttrykk me kjenner og sikkert har brukt. Når det er nytta for å karakterisera eit anna menneske, er det ikkje den vise og kloke det første me kjem på. Snarare tvert om.

Men Olav H. Hauge, den lærde, kloke og vise, han skal då ikkje halda ap med bøker og kunnskap? Han som brukte heile livet til å lesa, læra og skriva?

Eg trur ikkje han berre er ute etter å laga ein vits eller få folk til å dra på fliren. Livet – og bøkene – hadde nok lært han at det er ikkje nok å lesa og tileigna seg andre sine tankar og førestillingar. Sant nok er det mykje klokt i bøkene, men den som les, lærer òg at ein kjem lengre ved å tenkja sjølv. Bøker og kunnskap er mat for tanken, der finn me noko å reflektera over og grunda på. Den som berre tygg på eigne tankar, risikerer å apa etter katten. Han mel i omnskroken og er godt nøgd med det, men kjem seg ikkje vidare i livet.

Diktet kjem vel i klassen modernistisk, det har ikkje enderim eller fast rytme. Dersom ein hadde lete storleiken på boksida avgjera linjelengda, kunne verset framstått som ein liten prosatekst.

Linjedelinga i diktet er ikkje tilfeldig, siste ordet i kvar linje understrekar meininga i kvar setning, slik som *bøkene*, *kunnskap*, *ni liv* og ikkje minst kontrastorda *lærdom* og *ape* i siste setninga.

Diktet er med i samlinga *Janglestrå*, som kom i 1980.

«Uppetter fraa fjorden tøyger seg lange og smale gardar,-fine og velstelte, med kvite eller brune hus upp i halli. Og ovanfyre veks fager bjørkeskog like paa fjellnibba. Han kløner seg fast til skorar og gil, og klæder svarte urdar, og nakne rabbar. Lenger inne der bygdi er breidare veks fura, stor og traust, og sukkar og ventar med gru paa den dagen, daa ho skal faa kjenna det blankslipte staalet i rotstokken. (...) Eit vindpust susar gjennom skogtoppane, det susar so mildt og fredsælt.- Det er ei gleda som bylgjar gjennom meg, - ei gleda yver aa eiga so fager ein heimstad. Og den elsker eg, for det er min fødestad; - og her hev eg min heim.» skreiv Olav H. Hauge i ein stil på skulen då han var 14 år.

Svært mange lever av jordbruk, frukt- og bær dyrking i denne bygda. Ver- og vekstforhold, temperaturar og arbeid blir fort tema. Det er alltid mykje som skal gjerast. Ein skal klippa og stella trea. Ein skal laga podekvister til nye tre. Ein skal rydda nye marker, ta ut skog, hogga ved, pløya jord, gjødsla og stella alt det ein har kring seg, og ikkje minst, skal ein hausta.

*Skulle hjelpa meir til, men vil heller lesa. Blir så trøyt og lei av arbeidet. Brørne må arbeida. Alle må vera med, men kva med lesinga? Det er så mykje kjekkare å*



*lesa!* Olav får ikkje fred. Han finn ei furu i nærleiken av heimen når han er ni år. Det blir gøymestad og leseplass.

Olav lever i ei bokverd, men også i ei treverd. Trea er omkring han på alle kantar. Det er trea som mellom anna gjev dei inntekt. Trea gjev varme og livd. Trea og skogen markerer årstidene. Dei opnar seg med lyse, grønne fargar om våren og alt står i full blom. Dei fyller opp hagen med veksande frukter og lauv gjennom sommaren.

Hausten er full av strålande fargar og av bær, plommer og eple som skal plukkast. Vinteren frys alt til. Det blir stille.

### OG SNJOEN KOM

Og snjoen kom og kledde skogane i kvitt. Eg tykte det var sorgi, for eg ser berre mitt. Og bjørk låg nedåt - kasta med sylv i stidsvart hår, Og fura hadde snjo frå fyrst han kom i år.

Men bjørki snart seg rette og skok si krune fri, Ho druste nokre tårar, og tok på seg sylja si då soli såg åt skogen. Med fura stod der stur med all den sorgi som i skogane bur.

*(Frå Seint rodnar skog i djuvet, 1956)*

Han fekk ikkje berre lesa. Han måtte også gå på skulen, ta utdanning og jobba med trea. Av og til klaga han over det, men ofte hevda han at arbeid gjorde godt. 3. mars 1964 skreiv han i dagboka:

*«Hogga ved. Arbeida det gjer godt. Arbeida og kjenna seg som arbeidsmann. Verdi vert onnorleis. For ein arbeidsmann ser onnorleis på alt enn andre. Kanskje nett ein bonde. Det store og sanne vert sant og stort, det som er smått, vert smått. Nei, slutta med arbeidet. Aldri.»*

Treet, trea og skogen blir svært vanlege motiv i Hauge sine dikt:

*«Eg er det bladet som blakrar/ i denne vår. /Du skal skjelva i stormen /eit anna år»* er ei av strofene i diktet, I dag og i morgon, frå første diktsamlinga hans Glør og oske 1946.

*«Bøyg meg som stormbøygd bjørk på horg, /der kvar blokke skjelv og syng, / og tving meg, liv, med støyt og styng/ å tena deg i frygd som sorg.»* skriv han i diktet, *Song til stormen*, i samme diktsamling.

Bjørketreet går ofte att som motiv, slik vi ser ovanom. Bjørka er ein kontrast til furua:

*«Men bjørki snart seg rette og skok si krune fri, /ho druste nokre tårar, og tok på seg sylja si/då soli såg åt skogen.»*

I diktet, *Bjørk*, frå samlinga, *Under bergfallet*, 1951, skriv han:

*«Bjørk i fureskog/- ei grøn fane/ i ung vår. / Men fura er/myrk og stur».*

I diktet *Jøkulen og treet* frå samme diktsamling, står følgjande:

*«Då slær bjørki, /som tøygjer klakar/mot stjerneljoset, /brått ut/brusande lauv».*

Det er eit dramatisk dikt der isen og mørkekraftene grip om seg, og igjen er bjørka kontrast. Ho strekjer seg *«mot stjerneljoset, /brått ut/brusande lauv»*. Forfattaren såg

bjørkeskog «like paa fjellnibba», men ein lesar kan få assosiasjonar til I.C. Dahl sitt kjende måleri, *Bjerk i storm*. Biletet viser eit tre som så vidt klorar seg fast til eit berg i verhard omgjevnad. Det har vore tolka som eit bilete på heile det norske folket, sjølv om det er uklårt om målareren meinte å framstilla det slik. Måleriet var viktig under krigen. Det blei mellom anna sett på som eit symbol på nordmennene sin seige motstandskamp og overlevingsevne.

I samlinga, *Dropar i austavind*, frå 1966, er det eit dikt med tittelen *Bjørki*:

«Han hadde lagt/  
merke til ein ting, /  
sa Gamle-Halvor, /  
og det er at bjørki veks/  
berre um morgonen. /  
Dette trur eg er tøv. /  
Eg trur ein veks med ein søv».

I samlinga *Janglestrå* 1980, står følgjande dikt om bjørka, men her handlar det også om eiketreet.

## BLADI LOSNAR

Lat han ha dei,  
tenkjer bjørki, og  
lèt vinden fara med  
dei gule bladi, -  
naki stend ho att  
og fryr i tunt ris.  
Ingen ting er som  
å vera fatig,  
ikkje har ho

anna eit skarv  
å stå på  
heller.

Naki vert eiki òg, men  
ikkje fatig.

Untenkt syg ho  
nerken or bladi, fyrr  
ho slepper dei,  
eitt for eitt,

då søv ho for lenge sidan  
under grå bork,  
krøklute greiner  
karar i myrkret  
etter stjernone,  
og røtene stikk djupt  
i livd mold.

Forfattaren kjenner mytologien og veit at alt i antikken var eika rekna for å vera heilag. Treslaget vart knytt til guden Zevs som var gud for himmelen, regnet og toreveret. Ein trudde at eika kunne snakka og at orakelet heldt til der. Trea vart omtala som, *Quercus*, (stammar frå gresk og tyder styrke eller kraft). Eika var også knytt til toreguden i norrøn mytologi. Den som søkte tryggleik ved ei eik i torever, vart verna av guden Tor. Neter, og bork av eik, vart tilrådd som gode lækjemiddel i diktet *Håvamål*. Svært mange hadde eik som tuntre.

Forfattaren skreiv diktet *Det blå landet*, i samlinga *På ørnetuva*, (1961) då han hadde eit av opphalda ved Valen sjukehus.

## DET BLÅ LANDET

Her er eg trygg, her er det eiker  
kring murane,  
her blenkjer sundi bak havslitne  
fjell.

Stend eg innanfor glaset,  
har dei veldige eikene  
ein djup oljetone  
som eit gamalt målarstykke,  
på den emaljebå himmelen  
stend attglyømde skyer  
i jag frå havet.

Eikelaug i haustsol!  
Blålandet, berglandet, havlandet  
og aldrar attum meg  
i tung fargebragd  
og gløding.

I dag er det kjøld og snøflingror i  
lufti,  
dei nakne greinene grip som klør  
etter varme og siste oson.  
Eg gjeng i det blå landet  
under fallande blokkor.  
Og ein dag er Yggdrasil snaud.

Seinare, i boka *Janglestrå* 1980,  
kjem eika att som bilete på trygg-  
leik og «frenskap»:

## EG STOGGAR UNDER DEN GAMLE EIKA EIN REGNVERSDAG

Det er ikkje berre regnet  
som gjer at eg stoggar  
under den gamle eiki  
attmed vegen. Det er  
trygt under den vide  
kruna, det må vera  
gamalt frenskap som gjer  
at eiki og eg kan stå der

og tegja, lyda til regnet  
tipla i lauvet, skoda ut  
i den gråe dagen,  
venta, forstå.

Verdi er gamal, tenkjer me,  
og me eldest båe.

I dag stend eg ikkje turt,  
lauvet har teke til å detta,  
det luktar syrleg i den  
råe lufti, eg kjenner  
dropane gjennom håret.

Furutreet dukkar ofte opp i dikta  
som ein tung kontrast til bjørka,  
men og som eit tre med styrke:  
I samlinga *Spør vinden* frå 1971,  
står diktet *Einsleg fure*: «Her er  
romsleg, du fekk/tøya toppen og  
slå kruna/vidt ut. Men du stend  
åleine. /Når stormane kjem, har  
du/ingen å stø deg til».

Det er interessant at Hauge har  
ein slags gjennomgang av ei per-  
sonleg utvikling i diktet *Og eg var  
sorg*, frå *Dropar i austavind*, 1966.  
Den «triste» furua frå fleire av dikta  
hans har endra seg:

## OG EG VAR SORG

Og eg var sorg og heldt til i ei hule.  
Og eg var ovmod og bygde attum  
stjernone.

No byggjer eg i næraste treet,  
og um morgonen når eg vaknar,  
trær fura gull på nåli.

Det er som om (han?) framleis har  
leseplassen i furua han fann då han  
var barn. Trea sine eigenskapar  
kjende han:



«Eiki brenn seint, fatnar seint. Det gjer asken og. Fura og gran kvisar snart upp og brenn seint ut. Eg høyrer til fura. Aukrust gjorde og det. Bjart loge so høgt so lenge feitved og spik varer. Uppdal høyrer visst til smidjekol. Skre- de til heggen, han er seig, men fatnar seint. Godt emne til visse ting. Kvasse bær. Fura eig Noreg, og stend i stort tal. Sorgtung og. Bjørki, kven skulde vera bjørki? Det er noko å tenkja yver. Aasen må vera asken. Jau, bjørki er vel Vinje likevel. Ikkje heilt godt. Eiki? Eg fær no sjå. Kanskje me ikkje har noko eik enno? Nygard Seg meg det. Kanskje» (...) (Olav H. Hauge, 22.09.1965)

I diktet *Ætt*, frå *Seint rodnar skog i djuvet*, skriv han i strofe to:

«Er du i ætt med fura/greider du deg og, / og di lenger di skrinna- re/ du har det; / men du er skøyrr i malmen/ og tung i storm/ og stur under snø».

Hauge har skrivt om mange andre tre også, men her er det på sin plass å avslutta med juletreet frå samlinga, *Under bergfallet*, 1951:

#### VINTERNATT

No kveikjer Vårherre sitt joletre i den kvite vinternatt.

All den glitrande stasen, barn, vilde du gjerne hatt.

Himmelgrani so fin og blå har greiner av tandrande ljøs; karlsvogner kjem frå langferd der, og måneskip sigler sin kos.

Du vil gripa og leika, barn.

Og kanskje skal di hand ein gong plukka månar ned og slökkja stjernor i brand.

#### Kjelder:

Hauge, Olav H: *Dagbok, 1924–1994*. Det Norske Samlaget, Oslo 2000.

Hauge, Olav H: *Dikt i samling*. Det Norske Samlaget, Oslo 1996.

Åmås, Knut Olav: *Mitt liv var draum*. Det Norske Samlaget, Oslo 2004.

## KONTAKTINFORMASJON TIL MEDLEMMANE

Kontakt vil vera lettare om vi kan få e-post adressa til medlemmane. Dei som ikkje har sendt inn kan senda til leiaren Olav Ljones [ola-lj@online.no](mailto:ola-lj@online.no)

# OLAV H. HAUGE OG ROMANEN DUE OG DRONE AV KJARTAN FLØGSTAD *av Olav Ljones*

---

## Due og drone og dagbøkene til Hauge


Hausten 2019 kom Kjartan Fløgstad med ein ny roman «Due og drone». I denne boka er det fletta inn omtale av Olav H. Hauge fleire stader. Eg fann omtale av Olav H. Hauge på om lag 40 sider av i alt 487 sider. Så om Olav H. Hauge ikkje er hovudperson i romanen, er han fletta godt inn i boka.

I boka har Kjartan Fløgstad dikta inn personar eller hendingar som kan ha ein relasjon til diktarverket til Olav H. Hauge, og særleg er det omtala at det er ein pause frå 17/4-

1939 til 1944 i dei trykte dagbøkene. Når den trykte dagboka startar (frå hefte 5 – av dei kladdebøkene som Hauge skreiv i) i 1944, er den første dateringa frå juni, men det er fleire sider med tekst før ein kjem til juni 1944. Ein veit vel ikkje når disse notata vart skrivne. Tekstane frå 1944 utan dato er om litteratur og naturvitskap, Håvamål, Jack London, Mencken og Emerson med meir.

Kjartan Fløgstad er oppteken av denne pausen eller som han skriv «tomrom» i dagbøkene. Ein kan tenkja at denne pausen i dagbokskrivninga kan ha fleire forklaringar

1. OHH skreiv ikkje dagboksnotat i denne perioden. Dette er den forklaringa som enkja Bodil Cappelen har gjeve basert på sine samtalar med OHH, før dagbøkene blei publisert.
2. Olav skreiv dagbøker, men har sjølv destruert disse (eller gøymt dei).
3. Olav skreiv dagbøker, men andre har destruert eller gøymt dei.
4. Olav skreiv dagbøker, og andre har fått tak i desse og har dei i eit arkiv.



*Framsida av Due og Drone.*

Når ein les Due og drone om dagbokpausen 1939–1944 må ein forhalda seg til at teksten til dels er som sakprosa med visning til verkelege bøker som Knut Olav Åmås sin Hauge biografi, til Atle Kittang og kva enkja Bodil Cappelen har hevda om dette. Men umerkeleg går Fløgstad over til å dikta si søge om dagbøkene og at det er pause frå 1939–1944. For dikteren Fløgstad er det naturleg å omtala dette som «krigsdagbøkene» som det kan spinnast ulike forklaringar og hendingar til. Det er i romanen og fri dikting om litteraturforskarar, antikvariat og andre som har ulik kjennskap til dei sokalla forsvunne krigsdagbøkene. Det er og i romanen dikta inn korleis teksten er i dagbøkene når krigsdagbøkene kjem til rette. Ser ein grundig på denne teksten, både innhald og språkføring, ser ein at det ikkje er særleg sannsynleg at dette er ein ekte dagboktekst, og det er rimeleg å tru at dette heller ikkje har vore meininga til Kjartan Fløgstad. Det er og verdt å merka seg at dagbokteksten som Kjartan diktar inn, går heilt fram til krigsslutt i 1945, medan den trykte dagboka startar etter pausen i juni 1944. Dette heng ikkje i hop. Det vil då vera to versjonar dagbok for juni 1944–mai 1945, og dette kan vel vera nok eit teikn på at Kjartan Fløgstad ikkje vil ha lesaren til å tru at han har meint det å vera truverdig at dei funne krigsdagbøkene er

ekte. I eit diktverk vert det heile god lesing sjølv om det kan krevja konsentrasjon å skilja sakprosa frå dikting.

For å skjønna interessa for at det ikkje finst dagbøker 1939–1944, er det verd å merka seg at både Fløgstad i Due og drone og Åmås i biografien trekkjer inn det Olav skriv i dagboka for 7. mai 1938: «*Stor hugnad hev eg havt av tyske og engelske stasjonar. Hallomennene er det ingen sak å skynda, men folk flest er verre. Høyrdte Hitler tala i basilikaen i Rom no ein dag. Hitler er ein stor mann. Best såg eg kva tak han hev på det tyske folk då eg til avskil med ein flokk tyske marinesoldatar la attåt Heil Hitler. Med djup vyrndnad tok dei imot helsinga.*»

Kvar og ein får tolka dette på sin måte. Det er nok Haugevener som vert lett urolege over at ein trekkjer fram dette dagboksitatet. Mi tolking er ikkje i retning av at denne teksten er eit politisk grunnsyn hos Olav. Eg les det som ei skildring av den tilslutninga som Hitler hadde i heimlandet sitt. Ein må og hugsa at dette er så tidleg som våren 1938. Det er vel og poenget til Hauge når han helsar på dei tyske marinegastane som vitjar Ulvik på ein båt.

Eg hadde ein prat med Kjartan Fløgstad i kafeen på Det Norske teater, og Fløgstad gjer det klinkande klårt at han set forfattarverket til Olav H. Hauge særst høgt. Det er mogeleg han er den største norske

forfattern i førre hundreåret. Det er slik Fløgstad ser det, ikkje noko som peiker i retning av nazisympatiar hos Olav H. Hauge.

Det er viktig å tenke at Fløgstad har teke inn over seg ein kombinasjon av storleiken på forfatarverket til Hauge, og at sjølv om vi gjennom dagbøkene og Åmås-biografien, veit mykje om Hauge, veit vi særst lite om åra frå 1938–1944. Dette er ein dramatisk periode, ikkje minst i Ulvik. Her må ein ha lov å dikta, meiner Fløgstad.

Om dagbokspausen er det og av interesse å peika på at i tida rett før den store pausen, skriv Hauge om pausar i dagbokskrivinga og at han er lite motivert for dagbokskrivinga 31/3-1938 og 7/5-1938. Den 7. mai skriv han: *Lenge sida eg hev skrive noko no, fær ripla nokre ord so mykje boki vert ferdig utskrive.*

Eg vart her forviten om korleis dagboksoriginalen ser ut. Dei kan lesast elektronisk på Nasjonalbiblioteket si heimeside. Det syner seg at skrivinga sluttar den 17/4-1938, og det er om lag 2 ½ side før slutten i den kladdeboka. So byrjar teksten for 1944 i ei ny kladdebok (Hefte 5, men denne nummereringa som ein finn i den trykte utgåva, er ikkje påført på kladdebøkene). Dette syner vel at Hauge ikkje makta det han ynskte den 7. mai; å skriva dagboksheftet fullt ut. Eg titta litt i dagbøkene før og etter for å sjå om Hauge pleide å skriva bøkene heilt ut før han starta på

eit nytt hefte. Hefta før og seinare verkar alle å vera skrivne i heilt ut til siste sida.

Dette er neppe noko definitivt prov på at det ikkje er borte eit hefte, men stettar at Hauge tok ein pause etter den 17/4-1938. So er det som nemnt slik at han ikkje nummererte hefta, slik at vi ikkje med full visse kan vita om det har vore eit hefte mellom 1938 og 1944

Det kan og ha interesse å sjå i dagboka kva han skreiv då freden kom i 1945. Seier han då noko om krigsåra? Det er ikkje mykje å finna om krigsåra eller om rettsoppgjeret. Nokre korte, men vektige ord er når han i dagboka for 20/6-1945 skriv: *Tyskland kan ikkje reknast til kulturnasjonane. Dei hev bore seg so grovt åt der nede. Ingen kan orsaka dei. Eg for min part hev havt hug til å skjøna, men*

Hauge meiner og å ha observert at i debattar om rettsoppgjeret kunne det vera slik at dei som kunne vera nære på å melda seg inn i NS, var dei som kravde strengaste straffer. Den 12/4-45 skriv han at me har ikkje alle vore so gode nordmenn som me burde korkje i ord eller handling.

Når det gjelder pausen i dagboka er det både i Åmås-biografien og i Due og Drone omtale av det som Hauge hadde fortald til Bodil om krigsåra og livet hans.

Eg var heime hos Bodil i november 2019 for ein prat om dagbøk-



*Bodil Cappelen.*

ene, og ho stadfesta då den tidlegare forklaringa om krigsåra som ho hadde frå Olav. Kort sagt er forklaringa at det var praktiske arbeidsoppgåver for han heime på garden og elles. Han hadde ikkje dei siste åra vore til stor nytte for foreldra, grunna både sjukdom (Valen) og skulegang på Hjeltnes, arbeid på Ås og Njøs og at han hadde arbeidd mykje med diktning og hadde sendt inn diktsamlinga Seljefløyta som vart refusert. Olav saman med foreldra hadde og flytta inn i nytt hus på Rosvoll.

Bodil kunne og stadfesta at det i heimen var kjend at Olav skreiv dagbøker og at dei og kunne ligga framme. Slik sett er det litt misvisande det Fløgstad skriv på side 123: *Då han var død kom dagbøkene han førte i åra mellom 1924 og 1994 for ein dag.* I det-

te nummeret av Venelagsheftet er det og stoff om at tre studentar frå Universitetet i Bergen vitja og intervjuar Olav H. Hauge i 1990. (sjå eigen artikkel om denne hendinga i dette heftet). Her nemner dei at dei såg eit hefte på bordet med påskrift Dagbok. Her kan ein diktar, om han vil dikta opp ei kriminalsoge skrive at studenten Karl Ove Knausgård i 1990 såg sitt snitt til å raska med seg dette dagbokshefte, og at løysinga på Fløgstad si gåte er at Knausgård tok heftet i 1990.

Bodil fortalde og at dagbøkene var samla i ein skuff i ein kommode. Bodil las dei, og ho tok så kontakt med Samlaget. So kom Sverre Tusvik frå Oslo og fekk dei alle med seg i bilen til Oslo. Som vi veit, kom dei i bokform i 5 band i 2000. Originalhefta av dagbøkene er i Nasjonalbiblioteket, og dei er skanna og kan lesast elektronisk.

Olav H. Hauge er i Due og drone omtala ikkje berre om dagbøkene og dagbokspausen, men og nemnd på anna vis. Hovudpersonen Olav Ullvik Sima kjenner til dikteren Olav H. Hauge, men reknar seg som ein større diktar enn Hauge. Fløgstad har fleire stader fletta inn prov på diktarverket til Olav Ullvik Sima. Eit par av desse dikta finst og i songboka til Fløgstad, Sandharpesongar (2019). Dette er på ingen måte dårlege dikt, men ikkje i stilen til Olav H. Hauge.

Ein stad i boka Due og drone er og Osamannen nemnd, og Olav

Ullvik Sima gjer krav på at det er han som er modellen for Osamanen. Dette verkar som ein underleg påstand frå romanen sin hovudperson.

Bøker av Olav H. Hauge dukkar og opp knytt til eit sjølv mord som skjer då ein romanfigur hoppar i fjorden frå stupetårnet på Ingierstrand bad i Oslofjorden. For å vera sikker på eit vellukka sjølv mord har ho spent på seg ein ryggsekk full av bøker – mellom bøkene er og ei diktsamling av Olav H. Hauge. Det kan og nemnast at i eit avhøyr av ein tysk offiser i august 1945 spør avhøyraren Olav Sima den tyske offiseren om han kjenner til Olav H. Hauge. Offiseren svarer nei. Ikkje rart då dette er eitt år før debutboka til Hauge kom.

Boka Due og Drone har fått brei omtale i avisar og TV. Det er stor skilnad mellom bokmeldingane i om dei nemner Olav H. Hauge og krigsdagbøkene. I programmet Brenner i NRK 15/10 i samtalen med Kjartan Fløgstad var Olav H. Hauge kort nemnd utan at ein kom inn på saga om dei forsvunne dagbøkene. I Aftenposten si bokmelding den 24/8-2019 av Preben Jordal er ikkje Olav H. Hauge nemnd i det heile. Det er nesten underleg, spør du meg. I Morgenbladet er det Bernard Ellefsen som melder boka 30/8, og her er det omtale av Olav H. Hauge og dei forsvunne dagbøkene. Morgenbladet har og den 23. august eit

intervju med Kjartan Fløgstad med journalistane Olaf Haagensen og Christian Belgaux der dagbøkene vert drøfta.. Dagsavisen har omtale, og bokmeldinga i avisa den 31/8, er skriven av Gerd Elin Stava Sandve. Her vert dei forsvunne dagbøkene nemnde, men utan særleg forklaring. I Dag og Tid (39/8-2019) er det ei bokmeldinga av Bjørn Kvalsvik Nikolaisen. Han skriv at spørsmålet som melder seg er om Hauge-framstillinga skal lesast som eit grep for å så tvil om kva sinnelag Hauge hadde under krigen. Men kvifor denne ymtinga? Kvifor vert ikkje spørsmålet fylgt til endes? Kva som er verkeleg og uverkeleg i Fløgstads framstilling er uråd å vite just på grunn av den postmodernistiske bruken av allslags vrakgods i kulturen.

Eg var sær glad for at Kjartan Fløgstad tok seg tid i ein hektisk periode med forfattarturnear til ein prat med meg i kafeen på det Norske teater. Forklaringa til Kjartan Fløgstad på at han flettar dei sokalla krigsdagbøkene inn i denne romanen, er at han set diktarverket til Olav H. Hauge sær høgt. Vidare veit vi mykje om Hauge både frå biografien til Knut Olav Åmås og frå dei fem banda med dagbøker som kom i bokform i år 2000. Då er det slik at det nesten er underleg at vi ikkje veit mykje om livet og diktargjeringa i krigsåra.

Kjartan Fløgstad har ein klar budskap om at han reknar Olav



*Kjartan Fløgstad.*

H. Hauge som ein av dei største norske forfatarane i førre hundreår. Denne vurderinga står seg, og vert vel ikkje endra om det skulle dukka opp historiske dokument som heilt hypotetisk kunne nyttast til å hevda at Hauge hadde meir «tyskvennelege tankar» enn det som no er kjend.

## **Kjartan Fløgstad og Olav H. Hauge**

Kjartan Fløgstad var ikkje av dei forfatarane som vitja Hauge på Rossvoll eller på annan måte ofte trefte han. Til saman kan dei ifylgje Fløgstad ha treftest eit par gonger. Første gongen var i 1980 i Einar Øklands 40-årsdag. Kjartan hadde nyleg omsett ein tekst av Hugo von Hofmannsthal, det sokalla Chandos-brevet. Fløgstad var interessert i å prata med Hauge om

denne teksten. Den andre gongen Kjartan Fløgstad nemner, var på eit seminar i London med Stephen Walton (14/12-1983). I Hauges dagbok er det nemnd at Kjartan Fløgstad trefte Hauge heime hos Stephen Walton på ein middag i heimen til Walton. Kjartan Fløgstad var på veg til Madrid og Argentina. I Hauges dagbok er det og omtale av at dei to trefte kvarandre i Seljord på 80-årsdagen til Olav H. Hauge som var feira saman med 50-års dagen for verten, lyrikaren Arvid Torgeir Lie.

Kjartan Fløgstad hørde ikkje til Profil-kretsen som hadde tett kontakt med Olav H. Hauge i ein periode. Kjartan Fløgstad var i Bergen på den tida. Han vart likevel rekna av fleire som ein diktar som var knytt til Olav H. Hauge. Eit teikn på dette er ei samtale eg hadde ein gong på slutten av 1980-åra med min nabo og ven på Røa i Oslo, professor Asbjørn Aarnes. Vi snakka som naboar om haganne våre, men og om forfatarar og anna. Aarnes ville ha meg med på Skjervheim-seminara, men eg ville heller snakka med han om Olav H. Hauge. Litt forenkla sa då Aarnes at han var så usamd med dei unge forfatarane som var Haugevener, at det var eit hinder for han i hans lesing av Hauge. Eg hugsar tydeleg at Aarnes nemnde den biografien som Kjartan Fløgstad nyss hadde skrive om Claes Gill. Hovudpoenget her var at for Aarnes var Fløg-

stad ein Hauge-ven. Aarnes hadde jo rett i det sjølv om det ikkje var lett å sjå dette dokumentert på det tidspunktet at Fløgstad var ein Haugeven. Han hadde ein artikkel i skriftet til Hauge sin 70 årsdag i 1978. Enden på denne historia om min gamle gode nabo Asbjørn Aarnes er at då dagbøkene kom i 5 band i år 2000, var eg raskt ute og kjøpte og las med interesse det som Hauge skreiv om folk eg kjende. Fleire stader skreiv han begeistra om artiklar og bøker av Asbjørn Aarnes. Dette fortalde eg til Asbjørn som då spontant fekk låna mine 5 dagbøker. Så blei Asbjørn interessert i Hauge og arrangerte seminar og skreiv om Olav H Hauge. Men det er ei anna soge.

Det er i Dagboka til Hauge fleire prov på at Hauge er imponert over Fløgstad. 5. mars 1976 skriv han: *Har lese Rasmus, romanen til Fløgstad. Heilt internasjonal. Desse karane er snart i Sauda, snart i Brasil eller Japan, snart på båtar, snart på fabrikk, snart på saueleiting i Rogalandsfjelli. Språket er deretter. Tidi, noko heilt framandt for meg. Fløgstad skriv godt, sansar gløgt.*

Den 14. januar 1980 treftest Fløgstad og Hauge i 40-årsfesten for Einar Økland. Dette er nemnt i dagboka. Fløgstad hugsar at han og Hauge samtalte om Hugo von Hofmannsthal og særleg det så kalla Chandos-brevet. Hauge nemner ikkje samtalen med Fløgstad eksplisitt, men skriv så at han har

lese oppatt *Der Brief des Lord Chandos* av Hofmannsthal. *Kven har ikkje kjend det same.* Denne teksten av Hoffmannsthal er skriven som eit brev frå ein adelsmann, Lord Chandos, til Francis Bacon med forklaring og omtale av dei problem lord Chandos har med å vera forfattar. Fleire gonger seinare vender Olav H. Hauge attende til Hofmannsthal. Heilt mot slutten av dagboka, Påskedag 1994, skriv Olav: *Eg les i eit band eg har kjøpt ein gong av skriftene til Hofmannsthal – eg angrar på at eg ikkje kjøpte meir av han. Ja utval av dikti hans har eg hatt lenge. Men han var ein stor og flittig prosaforfattar òg, stor lærdom og vidsyn hadde han. – Ja (eg) les oppatt Ein Brief, dette fingerte brevet som Chandos skreiv til Francis Bacon, der han orsakar seg kvifor han ikkje skriv meir. Dette brevet er noko av det beste og tankevekkjande eg har lese, eit brev skrivande folk burde lesa, ja, helst ein sjølv.*

Til jol 1983 skriv Hauge i dagboka si om bøker som han har fått i posten, mellom dei Fløgstads essaysamling, og joledag 1983 nemner han det som Kjartan Fløgstad har skrivi om Claes Gill i Forfattarens litteraturhistorie og seier vituge ting. Den 29.11-86 skriv han om Bokdagen i Bergen med kjende og ukjende forfattarar frå Vestlandet, og han åt middag på Holbergstuen med Fløgstad, Asklund, Stegane, fru Økland, Starheimseter og



andre. So kjem Hauge inn på omtalen av Forfattardagen i Bergens Tidende kor journalisten spottar forfattarane og debatten om Fløgstad's roman det året, *Det 7de klimaet*. Om denne boka skriv OHH: *Ja, ja, det er mange meiningar um boki men Fløgstad greider det ingen andre greider, han fær litteraturkritikarane til å rjuka i tottane på kvarandre – det er ikkje lite berre det. Det skulle vere eit merke på at det er noko med henne. Nynorsk forfattarane kan vera byrge av å ha slik ein mann millom seg.*

Den 5. desember 1986 skriv OHH om boka til Fløgstad *Det 7. klima*: *..har laga storm i norsk bokkritikk i år. Eg kjem i hug den første samtalen eg hadde med Fløgstad . Det var på Bristol i Oslo på 40 års festen for Einar Økland. Då kom Fløgstad til å spyrja meg om eg hadde lese *Der Brief des Lord Chandos* av Hoffmansthal. Eg sa eg hadde då det . Ja det er mange år sidan. No når eg les um den nye boki hans, kjem eg til å tenkja på den samtalen. Det essayet har gjort stort inntrykk på han.*

So feirar Olav H. Hauge 80-årsdagen sin saman med Arvid Torgeir Lie som er 50 år same dagen i Seljord. Mange forfattarar er der, mellom anna Kjartan Fløgstad. Fløgstad gav boka si om Claes Gill til Hauge. Litt seinare på hausten i 1988, 24. november, skriv Hauge om Claes Gill-boka til Fløgstad som kom ut det året: *Fløgstad har skrivi ei grundig bok um Claes Gill,, Det vil koma andre bøker um han, men ingen kan sjå burt frå dette grunnleggjande arbeidet. Eit stort arbeid.*

### **Sluttord**

Om ein skal oppsummera så knyter Fløgstad seg til Hauge i romanen *Due* og drone. Fløgstad reknar Hauge som ein av dei største forfattarane i førre hundreåret. Hauge er så stor at det må vera lov å dikta omkring han. Sjølv om Fløgstad ikkje var av dei som trefte Olav Hauge ofte, kan ein sjå i dagboka at Hauge set Fløgstad høgt og dei har eit fellesskap i *Chandos*-brevet til Hugo von Hofmannsthal om slitet med å vera forfattar.

## OLAV H. HAUGE I MIN KAMP AV KARL OVE KNAUSGÅRD av Olav Ljones

---

Romanen *Min kamp* av Karl Ove Knausgård kom ut i seks bøker frå 2009. - Romanen er seld i mange eksemplar i fleire land. Den er omsett til om lag 30 språk. Romanen er sjølvbiografisk og nemner mange personar. Eit av dei møta som er omtala er då Knausgård saman med medstudentane Espen Stueland og Asbjørn Jensen frå Universitetet i Bergen dreg til Ulvik for å intervju Olav H. Hauge på vegne av studentavisa Tal.

Dette intervjuet og det som hende er omtala på sidene 330–335 i den norske utgåva eg har av *Min Kamp* 2009.

Eg reknar med at mange har boka til Knausgård og har lese dette, så her skal vi berre ha nokre utdrag.

Starten på intervjuet er ikkje heilt god av di Olav H. Hauge vert overrumpla av at det kom tre studentar. Men etter ein litt brysk velkomst vart dei alle tre inviterte inn. Når den fotoansvarlege Asbjørn Jensen ber Olav plassera seg i rommet slik at lyset fell slik at det vert gode bilete er svaret kort *Her skal faen ikkje takast noko bilete*. Espen har lagd planar for nokre spørsmål om dikta som er vel førebudde men komplekse og lange. Når spørsmålet var ferdiglese svara Hauge at han ikkje snakkar om dikta sine.

Gode råd er dyre for å redde situasjonen så Knausgård freistar å snakka om Astrup og Jølster sidan

mor til Knausgård er frå Jølster. Svara til Hauge er lange og fleire ukjende namn vert nemnd. Så spør dei litt om omsetjing av dikt og Olav svarar *ut frå en enorm inforståthet, som om han rett og slett bare satt der og snakket med seg sjølv. Eller til gulvet da. Som intervju betraktet var det en katastrofe*.

Så hender det noko som brått endrar klima mellom Hauge og studentane frå Bergen, ved at NRK med eit heilt arbeidslag som skal laga eit innslag i NRK-serien Norge rundt kjem opp til Rossvoll. I programmet har dei utan forvarsel tenkt at ei vil ha Hauge til å lesa eit dikt. Hauge og Bergens-studentane står no saman mot ein felles fiende, NRK. Sjølv etter at NRK har reist held Hauge fram med vennleg haldning til studentane frå Bergen, Hauge viste studentane opp i arbeidsrommet med boksamling ein stad kor Hauge og satt og skreiv. Knausgård nemner her at han òg (i 1990) ser at det ligg ei kladdbok på skrivebordet med Dagbok skrive på framsida.

Olav er blid og pratsam og tek fram ulike bøker som han snakka om. Hauge tek mellom anna fram ei av Julie Kristeva som Knausgård er sikker på at ikkje-akademikaren Hauge ikkje har lese.

Så i trappa ned seier Hauge noko uhøyrtd lada og viktig om døden, tonen var resignert og lakonisk, men

ikkje utan ironi, Knausgård skriv at dette måtte han hugsa det er viktig for heile livet. Men alt når dei sat i bilen på veg heim langs Hardangerfjorden hadde han gløymt det. Så er Knausgård glad for at intervjuet er over og skriv *Eg var glad intervjuet var over og det hadde gått bra, men også opprevet, noe ved Hauge fylte meg med uro. Noe som ikke ville hvile, og som jeg ikke visste hvor kom fra. Han var en gammel mann, og han hadde den gamle mannens klær, flanellskjorte og gammelmannsbukser, tøfler og hatt, og den gamle mannens gangelag, men det var likevel ikke noe gammelmannsaktig ved ham, slik det for eksempel var ved morfar eller min fars onkel Alf, tvert imot, da han plutselig åpnet seg mot oss og ville vise oss ting, var det en slags troskyldig, barnslig måte, uendelig vennlig, men også uendelig sårbart, som en gutt uten venner kunne opptre når noen plutselig viser interesse for ham, kunne man tenke seg, utenkelig for morfar eller Alf.....Eller nei. Det var ikke åpne seg han gjorde, det var mer som om det var hans naturlige tilstand, som avvisningen da vi kom vernet om. Jeg så noe som jeg ikke ville se, fordi han som viste det fram, ikke visste hvordan det så ut. Han var over åtti år men i ham hadde ingen ting dødd eller stivnet og slik gjør det egentlig alt for vondt å leve, tenker jeg nå. Da gjorde det meg bare urolig.*

Så held dei fram med fotografering og Olav signerer eit eksemplar av Dikt i samling og Olav les dikta Kat-

ten og Tid og hausta inn. Det er god stemning og Knausgård skriv:

*Da vi stod der på tunet og så ned i bakken mens han leste, tenkte jeg at dette var et stort og privilegert øyeblikk, men heller ikke den tanken fikk stå i fred, for øyeblikket som diktet, lest av sin opphavsmann på sitt opphavssted, tok i besittelse, var så mye større enn oss, det tilhørte det endeløse, og hvordan kunne vi så unge og ikke klokere enn tre spurver ta imot det? Det kunne vi ikke og i alle fall vred litt på meg mens han leste. Det var nesten ikke til å holde ut. En vits hadde gjort seg, for i det minste å gi det hverdagslige vi var fanget i, en slags form. Å det vakre, hvordan håndtere det? Hvordan møte det?*

Så skriv Knausgård med kjelder som Hans Marius Hansteen og Georg Johannessen at Olav H. Hauge hadde lika intervjuet godt - det var et av de beste intervjuene som var gjort med han hadde han sagt. Det er lett å vera samd med at dette er ein god tekst. Lesaren kjem innpå Hauge på ein fin måte. So er det slik at eg ikkje har funne omtale av denne hendinga i dagbøkene etter Hauge. Dato for intervjuet har eg ikkje kunne spora opp.

So kan ein tenka på at alle lesarane av Min Kamp-bøkene i Norge og i mange andre land, då alle omsetjingane av Knausgård sitt bokverk Min kamp også har hatt med omsetjingar av to kjende Hauge dikt. Ikkje dårleg.



Her kjem ei nær ordrett gjengiving av artikkelen i TAL nr 4 i 1990.

### Varast i Garden

av Krl. Knågård, Espen Stueland og Asbjørn Jensen

I

– Les du dagbøkene til Garborg, skjønar du kor mykje arbeid han la i umsetjinga... Teikningane er engelske, trur eg seier han og blar litt att o fram, – Jau

– Han var ikkje så nøye med ordstillinga, Garborg. Fuska litt for å få til verset. Eg trur ikkje det blir rekna so bra i dag.

Me står i biblioteket, i arbeidsrommet – Eg legg merke til bøkene som ligg på bodet framføre meg. Olav

H. Hauge, dagbok 1990. Utsikta gjennom vindaug; bygda under oss, den klåre, kjølige haustlufta – fjorden, fjella. Det er varmt her, ovnen står på.

Han viser oss Koranen, den første engelske omsetjinga, Gjort på 1700-talet.

– Noreg var eit av dei siste landa som umsette Koranen. Kan henda det siste. Muslimane har ikkje umsetjing, dei må lesa han på Arabisk. Iran. Og Irak naturlegvis. Han smiler.

– Denne her, seier han og drar peikefingeren over ryggen på ei anna bok, denne her er på vers. Koranen er eigentleg på vers. Heile boka. Men det veit de vel.

Pause.

– Koranen er ikkje berre... den er òg eit litterært meisterverk.

Eg går bort til ei anna hylle, ser bøker om buddhisme.

– Har du lese «Zen og kunsten at vedligeholde en motorsykel»? spør eg.

– Nei ...Men eg veit at Zen kan knyttast til mangt...seier han, smiler såvidt,

Seinare følgjer han oss ut. Me ber han lesa eit dikt for oss, han dreg på det, nøler.

- Me får gå inn, då, seier han.
- Kan du ikkje lesa det om katten?
- Nåja, det er så kort...

Eg rekk han boka, ferdig oppslått. Han ser på det først, byrjar å lesa:

## KATTEN

Katten  
sit i tunet  
når du kjem.  
Snakk litt med katten.  
Det er han som er varast i garden.

## II

Me går ut av bilen, strekkjer på beina. Spør ein bilmekanikar om vegen vidare opp til Hauge. Han peiker og forklarar, me følgjer forklaringa nøye, og havnar på feil side av bygda.

Ulvik er langt frå så dramatisk som eg hadde trudd, det er mykje mindre av alt, lågare fjell, mildare.

Me finn fram til slutt. Bankar på, han kjem ut. Ser på oss. Me presenterer oss, handhelsar.

- De kjem mannsterke...
- Han gjer ikkje teikn til å sleppa oss forbi, står midt i dørøpinga.
- De ville ha eit intervju..?
- Ja...
- Det er vel for kaldt ute, seier han. Ser på oss.
- De får koma inn då.

Katten ligg på benken i stova, under ein reproduksjon av Astrup. Eg

legg frå meg posen, spør om han kan hende kunne sitje der, under vindauget, for å få nok lys til bileta.

- Kva fan skal de med bilete?

Han set seg ned, forklarar at det er der han bruker sitja når han les. Han sit med det eine beinet over det andre, ser ned i golvet. Bileta får koma seinare. Eg finn fram blokka, byrjar prøvande å spørje; eit eller anna om Astrup, at det finst ein parallell, ein slektskap av eit eller anna slag, er eg viss på, men det er ikkje så viktig. Det gjeld å få i gong ein samtale.

Han fortel at han aldri har møtt Astrup, bere sett bileta, vore i Jølster, lese opp; ei historie om ein rad opplesingar i Sunnfjord, med namn eg ikkje kjenner, passerer. Hauge er vag, fortapar seg i assosiasjonar, minne.

Det var i 1908 han vart fødd, i Ulvik, Hardanger. Utdanna seg som gartnar. Debuterte seint. Først i 1946 kom den første samlinga med dikt. Fram til 1971 kom dei med fem års mellomrom. Så gjekk det ni år før den til nå siste samlinga, Janglestrå, kom ut.

- Skriv du enno?
- Jau ... Eg klussar no framleis.
- Gjendiktning?
- Ja... Den umsetjinga Boklaget ga ut for nokre år sida, er utseld. No vil dei trykka ho opp att.

- Du filer på gamle gjendiktingar?
- Ja, og så vil dei ha med nokre fleire dikt. Eg rettar litt, og so vert det ein del nye som blir med veit du.

I 1981 kom dikt i umsetjing, dikt frå Europa og Amerika dei siste to hundreåra, og for den hausta han heider som ein av våre beste gjendiktarar. Ein kan seia, og det er blitt sagt, at den einaste skilnaden på å lesa originaldikta og desse, er at dei er forskjellige, men ikkje mindre gode. Nødvendigvis noko anna, sidan det er tale om ulike språk. Samlinga kan gjerne lesast i samheng med dei eigne dikta hans, som ein peikepinn på kvar dei bør plasserast, eller kva dei bør lesast i forhold til.

Hauge har gjendikta utanlandsk lyrikk sporadisk gjennom heile forfattarskapen, men det var først med utgjevinga av Samlaget sin store diktantologi at han byrja å arbeida systematisk. Arbeidde om att og om att. Fleire av gjendiktningane han då gjorde er han enno ikkje nøgd med, mellom anna eit dikt av Blake.

- Tennyson hadde eg arbeidd med før, då eg var i atten/nittenårs-alderen. Fekk dei prenta i bladet. Eg hadde aldri komme på å oversetja slikt om eg ikkje hadde arbeidd med det før, veit du.

At Garborg strevde med gjendiktinga av Odyseen over så lang tid,

noko som gjekk ut over hans eigen litterære produksjon, seier noko om kor viktig dei såg på muligheten til å lesa verdslitteraturen på norsk, kor viktig det var for språkidentiteten.

- Det finst jo fleire måtar å gjendikta på, kan du seia litt om kva du legg vekt på?

– Det vert å lesa, veit du, forsøka seg fram. Ein står jo fritt til å ta det ein sjølv synest om ...det er mange måter å ta slikt på, veit du... det er jo greitt nok...ein kan dikta um meir eller mindre fritt...det er jo omstridt, om ein skal ta att etter innhald eller form. Dei gamle ville ha forma så vel som innhaldet, seinare er det blitt noko friare, no prøver dei vel å gje att det eigentlege, det poetiske, og ikkje tenkja så mykje på form...Det er eit veldig arbeid veit du, språka er so ulike...

Den gamle skulen av oversetjarar; Sigmund Skard, Halldis Moren, Eirik Vandvik. Antologien Hauge deltok i, var redigert av mellom anna Skard.

- Skard har aldri fuska. Han er ein meister når det galdt det formelle. Han hadde herredøme over dei gamle versemåla. Han var ein streng mann..han stilde krav. Det hadde eg sikkert godt av.

- Du har gjendikta mange forskjellige...

- Nei aldri Shelley...

– Du må ha misforsått, eg sa du har gjendikta mange forskjellige. Kva har vore styrande for kva dikt du har valt?

– Eg har valt dei eg likar, sjølvsgt, dikt eg såg det var råd å setja om.

Han finst ikkje arrogant der han sit overfor meg, men stemninga er litt trykka, intervjuet kjem aldri i gong, det tek aldri av. Hauge er svevande, den eine assosiasjonen tek den andre, han snakkar ikkje om seg sjølv, berre om andre, andre omsetjarar, andre diktarar, kjem inn på Hölderlin, den store grekaren Hölderlin, Hölderlin som den store tyske diktaren, Goethe som den store tyske forfattere, Goethe som beherskar alle former, Goethe som femner så vidt.

Lyden av ein bil, stemmer utanfor, det bankar på. Hauge går ut. Pratar lenge. Det er NRK – eit team på oppdrag i Hardanger, vil ha Hauge

til å lesa opp eit dikt. Til bruk i Norge Rundt. Norge Rundt. Tid å hausta inn.

Me vert med ut. Ser på NRK – dei har gløymt att ein leidning, må ned i bygda igjen.

– De er heldige som kjem i dag, seier ein av dei til oss, – eg har sjeldan sett han i så godt lage.

Kona, Bodil Cappelen, kjem ut, Ho er ikkje stolt på mannen sine vegne, ho seier at det er ei tvilsam ære – Norge Rundt, kva gjer Olav H. Hauge der?

Han les. Tid å hausta inn. Sit der, på ein benk, med hatten ned over augo, eit ark mellom hendene, les.

#### TID Å HAUSTA INN

Desse milde soldagane i september. Tid å hausta inn. Enno er det tuvor med tytebær i skogen, njupone rodnar langs steingardane, netene losnar, og svarte klasar av bjønn-



bær skin i kjerri, trasti leitar etter dei siste vinbæri, og kvefsen syg ut dei søte plomone. I kveldinga set eg stigen burt og hengjer laupen frå meg i skuret. Skrinne bredar har alt ein tunn breidsle av nysnø. Etter eg er lagd, høyrer eg dunk av brislingfiskarane, dei gjeng ut. All natti veit eg dei glid med streke ljostastarar og leitar yver fjorden.

### III

I motsetnad til dei fleste andre norske poetar, skriv Olav H. Hauge (den H'en har alltid stått for noko hemmeleg) dikt som vert lesne av feire enn dei spesielt interesserte. Samleutgåver og utvalde dikt har kome i fem, seks opplag. Få andre poetar, eller for den saks skuld andre forfattarar, kan visa til liknande praksis. Få andre poetar, eller for den saks skuld forfattarar, les opp i Norge Rundt. Hauge er folkekjær. Samstundes ein diktar å rekna med, ein diktar av format, ikkje i noko høve omstridt; så vel kritikarar som skrivande folk er samde: Hauge er stor.

På veggen stova i Ulvik heng kritikarprisen for 1961, eit bilete han fekk for samlinga På ørnetuva. Det var på den tida at Hauge byrja å bli lesen, å bli rekna med. På denne tida hadde den temmeleg ampre modernitets-debatten i norsk aandsliv lunkna. Hauge stod fram som ein modernist som faktisk var leseleg, som med få ord traff akkurat der. Ein modernist med norsk

glimt i auget og samstundes med utsyn mot framande kontinent. Han kom heldigare ut av det med «dei konkrete ting» dikta sine, og hadde skrelt av seg noko av det svermeriske frå dei fyrste samlingane.

Kan hende kan sekstialet seiast å vera Hauge sitt? Eit sekstital som strekk seg frå den fjerde diktsamlinga, via Dropar i austavind (1966) til Spør vinden (1971).

Tre samlingar der kan henda dei beste dikta hans er samla.

### IV

Me går inn. NRK-folka vert att, dei skal skyta nokre bilete av eplette. Hauge set seg på plassen sin, det eine beinet over det andre, peikefingeren mot tinninga, blikket ned.

– Astrup tek jo utgangspunkt i bygda – Jølster – og han var veldig oppteken av folk sitt nesten religiøse forhold til jorda og til naturen; ein mystisisme eller panteisme som ikkje akkurat knyter seg til kristendomen, sjølv om den òg stod sterkt. Fanst det noko liknande her i distriktet?

– Astrup var ein romantikar, han las Kinck, var veldig påverka av han, av naturmystikken. Og Jølster var jo bortgøymd, ei gammal bygd. Det har vore lite av slikt her i Hardanger, dei hadde fjorden, veit du, det var ikkje like avstengd. Og jaktefarten; folk her reiste mykje meir. Dersom ein les Kinck, kan



ein finna att mykje av dette forholdet til naturen. Han budde jo i Hardanger, men hadde vore fire år i Setesdal, han her til då han var ti år. Likevel var inntrykka frå Setesdalen dei viktigaste. Hardanger var meir rasjonalistisk, meir utadvendt.

– Jon Fosse skriv ein stad om Vesaas at det var ei spenning mellom bygda og forfattere, om det å vera intellektuell og modernist og bu i telemark; at noko av kreativiteten til Vesaas kan sporast tilbake til denne spenninga. Er det noko i dette meiner du?

– Han har kanskje rett i det.

Pause

– Korleis er forholdet ditt til bygda?

– Tja ... Det er no so... på ein måte har eg i grunnen... har budd her, men har hatt tankane og interesse- ne andre stader meir enn i bygda. Men du veit... der ein har vokse opp spelar ein stor rolle, det har mykje å seia, meir enn ein skjø- nar. Dersom eg hadde vokse opp i ein by, hadde det vorte annleis. Det vert heilt gale om ein ikkje tek omsyn til det biografiske i kunsten og litteraturen. Hadde ein slik som Vinje vore født i Oslo, hadde han vorte ein heilt annan mann... Dei som skriv biografier i dag tek meir omsyn til det biografiske enn det nykritikarane gjorde. Nykritikken er ... passé.



Han tenkjer seg om før han held fram:– Ein kan ta Willy Dahl si bok om Elster – der er det ikkje nokon biografiske opplysningar, men i fjor, då han skreiv om Øverland, skreiv han omstendeleg om livet hans, fann til dømes ut kvar han hadde budd, heilt nøyaktig, så det finst mange måtar.

## V

Diktaren: Det har jag diktat en gång!

Dottern: Då vet du vad dikt är...

Diktaren: Då vet jag vad dröm är. Vad är dikt?

Dottern: Ei verklighet, men mer än verklighet...ei dröm, men vakna drömmar...

(Strindberg: Et drömspel)

I meir enn førti år har Olav H. Hauge skrive dikt. Han har skrive kampanen om tilveret: det er eit fredlaust diktar-eg me møter i desse vakre dikta, eit eg som leitar etter Det Andre, som går gjennom «Strævsomme, beiske år», som har slåss med drakar, gule jaguarar og tigrar, eit eg som har lidd blodige nederlag under kalde himmelkvelvingar.

Først svermande, dei første samlingane kan henda litt for romantiske, men sia: Varme, melankoli, humor. Ein av grunnane til at Hauge vart eit ideal for Profil-folka, er nok Hauge som fascinert av den enkle og konkrete tingen – øksa, eplet, berget, katten. Og sagi

*Skrap,  
seier sagi.*

*Stød ved.*

*Ho segjer kva  
ho tykkjer, sagi.*

Ukompliserte og handfaste gjenstandar i det uopphavlege kaos tilveret no eingong er.

Draumen er òg ein av dei tilstandane som er oppvurdert i Hauge si dikting, I draumen vert ditt liv fullbyrda, står det, det er der ein finn ein slags heilskap. Denne stillinga har draumen så å seie gjennom heile forfattarskapen, den vert ofte dikta om. Dersom ein kan seia at det å verta innlemma i språket er å verta sett ut, i dette berømte eksilet – kan ein paradoksalt nok foreslå at skrivning går ut på å skapa ein heim. At diktet er eit hus det går an å flykta inn i, som draumen er det, berre meir konstant.

– I forunderleg mange dikt – heilt frå debutsamlinga til den siste, Janglestrå – skriv du om draumen, om draum som fullending av den vakne tilstanden, eit slags livsnødvendig rike, medan på den andre sida, i vaken tilstand, tumlar mennesket rundt i einsemd og lengtar mot det andre, som ofte ikkje er der. Har du ein kommentar?

– det kan henda det er noko i det

– du vil ikkje seia nok om det ?

– No er du inne på tematiske ting... Det står vel som det står.

– Du vil ikkje snakka om dikta dine

– Nei

Seinare syner Hauge meg forskjellige utanlandske gjendiktingar og antologiar der han er med. Ofte presentert som den ultimate nordmann, diktar og gartner by the

fjords of Hardanger ... Litt brydd syner han meg bøker han har fått frå diktarkollegaer, Fløgstad, Hauge, Vold, Fosse. Til Olav H. Hauge, med takk... Eg lurar på kva for eit forhold mannen som står attmed meg har til myten Hauge. Han syner meg bøker på eit språk korkje han eller eg kan lesa, berre namnet Olav H. Hauge. Han er brydd, men fortel at BBC hadde eit program om han sist vinter.

## VI

– Kva forhold har du til litteraturteori?

– Eg har jo lese ein del...kan henda lært litt av det òg. Men det er farlege greier. Det kan så lett ta overhand, ein kan lett slutta å gjera noko sjølv, fordi det er so interessant. Ein treng svært lite teori for å skriva, granskar du livet til mange store forfattarar, har dei skrive utan å vera stive i litteraturteori, veit du. Dei har lært av andre diktarar, på den gamle måten. Men det er annleis i dag. Storparten av dei aktive forfattarane i dag er universitetsfolk, dei kjem naturlegvis opp i ein del teori.

– Kva synest du om forfattarskolar?

– Det er jo noko nytt her i landet, men ikkje elles, i USA, mellom anna, har jo slike skrivekurs, creative wriitng er det vel det heiter, vore praktisert lenge. Mange meiner det er lite gagnleg, så lenge

ein kan lesa og skriva, treng ein kan henda ikkje slikt. Men det er jo mange forfattarar som ikkje har noka utdanning, for dei har nok eit slikt kurs mykje å seia. Men ser du på dei gamle, Hamsun til dømes, Hamsun hadde ikkje meir enn nokre veker med skule, det var alt han hadde. Og Vesaas, han gjekk vel på folkeskule i Vinje og ein vinter på Voss Folkehøgskule, men han byrja tidleg å skriva, han lærte etter kvart, fekk innsikt i arbeidet sitt på den måten.

– Fløgstad seier at forfattarutdanninga hans var sjøen. Kva slags utdanning har du?

– Eg, nei, eg er utdanna gartnar. Eit påliteleg yrke, det kjem til nytte. Eg ser no i alle fall skilnad på ein ask og ein alm, det er ikkje alle norske forfattarar som gjer det...Han ler.– Eit tre er eit tre, ein blom er ein blom, ein fugl er ein fugl...men for Wergeland var ikkje ein fugl ein fugl. Og Ivar Aasen – for han var ikkje ein blom ein blom.

Heller ikkje for Hauge. Noko av det særprega ved diktinga hans er forholdet mellom det heilt nære – naturen, stemninga, tinga, og det fjerne – innslaga av kinesiske vismenn og diktarar, austleg filosofi, dei store europeiske diktarane: ein (for å halda oss til gartnarens vokabular) fruktbar kryssing. Kampen er den same.



## IKKJE BIL, IKKJE FLY

Ikkje bil,  
ikkje fly–  
anten ein høyslede  
eller ei skranglekjerre  
– eller eldvogni til Elias!

Du kjem ikkje lenger enn Basho.  
Han rakk fram til fots.

Hauge har og endra seg. Frå ein stramt komponert biletrikdom til noko som kan seiast å nærma seg aforismen i form – i alle høve ei utvikling mot det enkle.

– Estetikken min har naturlegvis endra seg, ein vert påverka av det ein har lese, dels av tida ein lever i. I litteraturteorien i dag er det noko som heiter intertekstualitet. Kva rolle lesinga, studeringa av andre forfattarar har i forhold til skrivinga.

Hauge har skrivi dikt sidan ungdom-

men. Fyrst i bunden form, sidan friare.

– Modernismen fekk seint gjennomslag her i landet, på grunn av den store generasjonen lyrikar me hadde, ein som skreiv bokmål: Bull, Wildenwey, Øverland, Larsen. Og ein på nynorsk: Ørjaseter, Aukrust, Uppdal og Nygard. Eg nemner nett dei framste namna. Dei dyrka alle den gamle verskunsten, og dei dyrka den godt. Uppdal var fyrst og framst kjend som romanforfattar. Lyrikaren la folk mindre merke til. Dei seier Jacobsen var den fyrste norske modernisten... det er både rett og gale, då gløymer dei Uppdal. Og Obstfelder kan henda.

– Kor plasserer du deg sjølv i dette?

– Eg tok seint til å skriva frie vers eg, veit du...Og så kom krigen... så det var fyrst etter krigen eg debuterte. Her i landet har ein alltid

anten skrive i bunden form, eller så frie vers. Det er ikkje slik i utlandet, der har den gamle forma blitt dyrka ved sidan av den nye, og vert dyrka framleis.

– Når kom du borti haiku-dikting, Basho?

– Basho har spelt stor rolle for modernismen. Han er ein av dei beste, veit du. Han har eg i engelsk omsetjing, og i tysk... Basho las eg fyrst etter krigen. Kinesisk tenking visste me lite om i Noreg, og dikting med ...men svenskane hadde tidleg eit institutt for austleg kultur, i Uppsala. Eit slikt eit har me ikkje fått her før etter krigen. Me gløymer at Noreg er eit kulturelt U-land.

## VII

Før me går, vert me vist om i biblioteket, arbeidsstova til Hauge, det intertekstuelle rommet hans. Han fortel små anekdotar om forfattarar, kjem med vurderingar. Her er mykje litteratur om austen. Freud, Jung. Parapsykologi. Litteraturteori, han tek fram ei Kristeva. Klassikarar. Mykje engelskspråkleg. Dante. Strindberg.

– Tolstoi er kan henda den beste novelleforfattaren. Få er på høgde med han. Conrad kan kanskje måla seg med han.

– Joseph Conrad?

– Ja, Tolstoi var ein stor stilist. Dostojevskij ... «skrev som en landbrukskandidat» seier Kinck.

– Har du nokon gong prøvd deg på andre genrar, essays, prosa?

– Eg har skrive nokre bokmeldingar... Og brev, det er vel prosa!

Han smiler

Me vert ståande ein stund på tunet før me går, småpratlar litt. Ber han lesa dikt. Han les Dette lyt du bera.

Dette lyt du bera:  
at du ikkje strakk til,  
at du var venglande fjør,  
ikkje oddtung pil  
i den sterke vinden.

Du kleiv ikkje bergi,  
rodde ikkje vatnet,  
drap ikkje draken, –  
du kom ikkje då ho,  
den einaste, ropa.

Um du var snøa med snø,  
driven av dogg  
slegen med regn,  
skulde du kome.  
Valund med hogde  
hælsenar sat,  
men gjorde seg venger;  
du sat og smidde  
leikor åt born.

I draumar fær du,  
ender og gong,  
kliva bergi,  
ro vatnet,  
drepa draken,  
koma til henne.  
Soleis vert ditt liv  
fullbyrda.

I desemberutgåva 2018 av Vene-  
lagsheftet var det i «Leiaren har  
ordet» nokre døme på juledikt og  
der skreiv eg dette:

«Ein kan ikkje i joletida kome  
utanom diktet *Vinternatt* frå dikt-  
samlinga «Under bergfallet». Det  
er tonesett av Finn Coren og er no  
og salme.

No kveikjer Vårherre sitt joletre  
i den kvite vinternatt.  
All den glitrande stasen, barn,  
vilde du gjerne havt.

Himmelgrani so fin og blå  
har greiner av tandrande ljøs;  
karlsvogner kjem frå langferd der,  
og måneskip sigler sin kos.

Du vil gripa og leika, barn.  
Og kanskje skal di hand  
eingong plukka månar ned  
og sløkkja stjernor i brand.»

Eg veit ikkje kjelda for at eg skreiv  
at dette var ein salme, men når  
eg no har sett i salmeboka er det  
klart for meg at der står ikkje dette  
diktet.

På den andre sida er det to andre  
dikt av Hauge som er med i Norsk  
Salmebok 2013. Det er salme 443  
og salme 705.

Både disse dikta er frå Glør i oska  
1946.

Dikta er:

### ALLTID VENTAR EG Å FINNA

Alltid ventar eg å finna  
noko som gjer livet verd,  
noko som er verdt å vinna,  
som kan lyfta meg og tvinna  
stål i viljen, stø mi herd.

Løysa meg frå tvils forbanning  
so eg audmjuk bøygjer kne  
for ei evig livsens sanning  
som kan gje meg rettvis kanning,  
mål å gå mot, tru og fred.

Sæl er den som sterkt er dregen  
og ser Herrens finger, skriv.  
Orm vert stav, og logeslegen  
busk vert grøn att. Leit deg vegen  
fyr den stutte dagen sviv!

### BØN

Nysnøen legg si kåpe  
yver den svarte tind.  
Natthimmelen opnar skåpet  
tusund av blånar inn.  
Vintersnaud bjørki loggar,  
spirone bryt or mold.  
Mognande klårhaust voggar  
åkrar, tunge av foll.

Opn mine augo, Herre,  
so eg kan betre sjå  
underet, ikkje berre  
avglansen utanpå.

Fyll til den siste kvelden  
hjarta med song og sut,  
anden og altarelden  
loge i einskap ut!

Frå Dagboka 1948 Band I side 251 kan ein finna nokre ord frå Hauge om salmedikting. *Eg fekk oppmoding frå eit visst hald um å skriva fleire salmar. Sant nok er det mangt ein skal lida fyrr, og ein kan ikkje nok passa tunga si. Eg tregar mykje på at det vesle diktet «Alltid ventar eg å finna» frå ungdomsåri vart med i Glør i oska. – Eg kjenner meg såra i mi verdigheit som filosof og*

*gamal disippel av Bertrand Russel. For eg hev vore agnostikar frå eg var 15 år gamal, og når eg brukar Gud og englar so legg eg ikkje meir i det enn Hippoaren eller Tor – for meg er all religion mytologi. Berre vanleg antropomorfisme.*

Ein får håpa at den verdi salmane har for folk ikkje vert mindre om ein les dette frå dagboka til Olav H. Hauge.

### **Lauvhyttor og snøhus**

Det er ikkje mykje med  
desse versi, berre  
nokre ord, røysa saman  
på slump.  
Eg synest  
likevel  
det er gildt  
å laga dei, då  
har eg som eit hus  
ei liti stund.  
Eg kjem i hug lauvhyttone  
me bygde  
då me var små:  
krjupa inn i dei, sitja  
og lyda etter regnet,  
vita seg einsam i villmarki,  
kjenne dropane på nasen  
og i håret -  
Eller snøhusi i joli,  
krjupa inn og  
stengja etter seg med ein sekk,  
kveikja ljøs, vera der  
i kalde kveldar.

«Spør vinden» 1971

## NY GUL DUK PÅ BORDET.....HER MÅ ORDI KOMA

Olav H. Hauge-kveld

på Litteraturhuset i Bergen våren 2019 av Marit Hafting

---



Foto: Kamilla Systaddal

Under Poesifestivalen i Ulvik sept. 2018 hadde Venelaget ansvar for ei tilstelling i diktarheimen Rossvoll med skodespelar Liv B. Osa og felespelar Knut Hamre. Arrangementet vart godt mottatt av dei knapt 200 frammøtte, og konklusjonen var at fleire skulle få oppleve dette!

Venelaget arrangerte difor ein oppfyljar på Litteraturhuset i Bergen 26. april 2019. Liv B. Osa og Knut Hamre hadde arbeidd vidare med programmet. Liv las dikt og utdrag frå dagboka, fortalde om

møte med Hauge som skuleelev og sine eigne familierøter frå Ulvik. Knut kom inn med hardingfelespel og minner og historier frå samværet med Olav H. Hauge. Kunstnarane gav gjennom ord og tonar tilhøyrarane eit breitt og samansett bilete av Olav H. Hauge, diktarverket, omgjevnadene og samtida han levde i.

Og, programmet utvikla seg vidare: Tønsberg og Færder bibliotek arrangerte 17.9 ein litterær aften «Veret var strålende», med Liv B. Osa og Knut Hamre.



## OLAV H. HAUGE PÅ BOKMESSA I FRANKFURT, OKT. 2019

**Stoff samla frå internett og sendt oss  
frå den norske ambassade i Tyskland** av Olav Ljones

---

Her kjem kopi av nokre oppslag som kan gje eit lite inntrykk av den synlege plassen Olav H. Hauge og diktarverket hans hadde på Frankfurt messa. Seinare vil vi plassera lenkjer på heimesida til Venelaget.

### Åpnet bokmessen i Frankfurt

(Kjelde: kongehuset.no)

Med 2000 i salen, 7500 utstillere på plass og et forventet oppmøte på 300 000 besøkende kunne endelig Hennes Kongelige Høyhet Kronprinsessen åpne den store bokmessen i Frankfurt.

16.10.2019



Kronprinsessen leser Olav H. Huges dikt «Det er den draumen».

Foto: Frank Rumpenhorst / dpa / AFP / NTB scanpix

Kronprinsesse Mette-Marit leste «Det er den draumen» fra scenen. Diktet av Olav H. Hauge har blitt kåret til Norges beste, og har inspirert Norges slagord til årets bokmesse: The Dream We Carry, eller Der Traum in uns som det heter på tysk.

Det er den draumen me ber på  
at noko vedunderleg skal skje,  
at det må skje –  
at tidi skal opna seg,  
at hjarta skal opna seg,  
at dører skal opna seg,  
at berget skal opna seg,  
at kjeldor skal springa –  
at draumen skal opna seg,  
at me ei morgonstund skal glida inn  
på ein våg me ikkje har visst um.

Statsminister Erna Solberg deltok også på den storslåtte åpningen. Hun understrekte hvordan litteraturen kan gi innsikt i andre menneskers liv og opplevelser, og hvordan andre opplever sine møter med vår egen kultur.

- *When I read books, it is not because I want to read about people like me. It's to learn about*

*others. And to learn about how others experience their meetings with my culture. There are many things I will never experience firsthand. Literature can make up for this,* sa statsministeren.

## **Nynorsk kultursentrum til verdas største bokmesse**

(kjelde: haugesenteret.no)

Noreg er i haust heidersgjest under den tradisjonsrike bokmessa i den tyske byen Frankfurt. Den folkekjære poeten Olav H. Hauge og tittelen på det mest kjende diktet hans *Det er den draumen*, frontar kampanjen som skal marknadsføre Noreg og norsk litteratur internasjonalt. Frå 15. til 20. oktober deltek Nynorsk kultursentrum i det offisielle programmet, der både statsminister, kronprinsparet og kulturministeren er vertar.

### **Storsatsing**

– Dette er den største norske kultursatsinga som nokon gong er gjort utanfor Noreg. Det er særleg gledeleg at det blir satsa stort på litteratur og ekstra stas at det er Olav H. Hauge som frontar det heile, seier Geir S. Netland, dagleg leiar av Olav H. Hauge-senteret, som formidlar og dokumenterer heile forfattarskapen til den folkekjære poeten.

16.10.2019

## **NORLA, Senter for norsk litteratur i utlandet**

(Kjelde; norla.no)

Månedens oversetter i oktober er tyske Klaus Anders. Han både skriver og oversetter poesi, og hans første oversettelse var dikt av Olav H. Hauge. Denne måneden er Norge gjesteland ved Bokmessen i Frankfurt og her er nettopp Hauge og hans «*Det er den draumen*» sentralt: Mottoet for gjestelandssatsningen er «*The Dream we Carry*» – som på tysk er blitt «*Der Traum in uns*». Her blir vi litt bedre kjent med både oversetteren og Hauge.

Hvordan endte du opp som oversetter av norsk litteratur?

Etter mine første steg sendte jeg et dikt av Olav Nygard som jeg hadde oversatt til Asbjørn Aarnes i Oslo. Han ringte meg og sa: «Du må oversette mer».

Jeg møtte Olav H. Hauge tilfeldigvis på internettet. Der fant jeg en foto av ham og et par dikt på nynorsk og engelsk. Jeg ble fascinert med det samme og ønsket at jeg kunne lese dikt i originalmålet. Så begynte jeg å lære meg norsk, både bokmål og nynorsk.

«*Det er den draumen*» er Norges nasjonaldikt, kan man nesten si. Gjør det det skumlere å ta fatt på en oversettelse?

Skumlere? Nei.

Har du møtt Hauge noen gang?

Han var allerede i himmelen da jeg traff på hans poesi.

Hvilken bok oversetter du akkurat nå?

Ingen. Jeg tar en pause.

Du er selv utdannet gartner og skriver egne dikt. Olav H. Hauge var eplebonde. Har dette slektskapet i bakgrunn vært viktig i arbeidet med oversettelsene?

Ja. Når Hauge f.eks. skriver i dagboken om planter og arbeid med planter. Jeg må ikke da etterforske, jeg vet av tidligere erfaring og kunnskap hva det dreier seg om.

Har du et oversetterforbilde – i så fall hvem og hvorfor?

Et forbilde for meg er Johannes Gjerdåker. Han er en fremragende gjendikter.

En god oversettelse gjengir et kunstverk i et annet språk på en perfekt «håndverksmessig» måte. En fremragende oversettelse er et kunstverk av egen rang. Den er – som kunstverk – minst like godt som originalen.

Det er mye mer tidkrevende å oversette lyrikk enn prosa – hvor mye tid bruker du på å oversette et dikt av Hauge, for eksempel?

Det er ganske forskjellig. Enkle, korte dikt med fast metrum og rim er de mest vanskelige.



*Olav H. Hauge, ca 1940. Foto: Oslo Museum, Byhistorisk samling.*

Å oversette slike dikt krever mye tid og faktisk er man aldri fornøyd etterpå.

Hva er det beste med å være oversetter?

Når du avslutter en oversettelse og sier: «Det var det».

**Anders Neraal: VEL BLÅST: Olav H. Hauges nå enda mer berømte dikt fikk gi ord til Norge i Frankfurt. Messen er over, diktet lever videre.**

**Lyrisk: Frankfurt ble flotte dager, under Olav H. Hauges ord.**

Så pakker de ned i Frankfurt. Dette etter den største norske kultursatsingen utenlands, noensinne. Naturlig nok var det de skjønnlitterære romanene som fikk mest oppmerksomhet, ikke så rart all den tiden Norge ligger helt i litteraturtoppen internasjonalt. BOK365s redaktør, Vebjørn Rogne rapporterte tidligere i uka:

– Ser vi på hvilke lands litteratur det selges mest av oversatt til engelsk de siste fem årene, er Norge blant de fire landene som klart peker seg ut, ifølge tall fra Nielsen BookScan. Det selges mest oversatt litteratur fra fransk, hårfint foran norsk og svensk. Men ser vi på nye bøker – publisert de siste fem årene – er Norge helt på topp, fulgt av Sverige og Frankrike.

Men sakprosa, barnebøker og lyrikken har også fått være med. Hva gjelder lyrikken har i hele år NORLA – Senter for norsk skjønn- og faglitteratur i utlandet – presentert et oversatt dikt, både til tysk og engelsk. Dette fortsetter året ut.

Poesien er gitt plass i Frankfurt. Diktere som Knut Ødegård, Gro Dahle, Synnøve Persen, Ruth Lillegraven, Øyvind Rimbereid og Jan Erik Vold, bare for å ha nevnt noen.

Og som motto for hele den norske paviljongen og satsingen merker vi oss: – The dream we carry/ Das ist der Traum – Olav H. Hauges ikoniske dikt fra samlinga Droppar i austavind fra 1966.

Alt altså «Under Hauges ord» – som også er tittelen på den nær fineste boka jeg vet, skrevet



av ukas 80-års jubilar, Jan Erik Vold. En vidunderlig film – *Sorry, brødre det ble meg* – regissert av Elsa Kvamme til og om jubilaranten, ble også vist i Frankfurt. Skulle man savnet noe i filmen så var det Volds nære og viktige kontakt med Tarjei Vesaas og nettopp Olav H. Hauge. Men pytt, her skal ingen desavueres.

Kan man bli lei av Det er den draumen? Det er kåret til tidenes

norske dikt og så mye brukt at det kanskje nærmer seg en trett klisjé?

Det ikoniske verset er som en salme, like som en inderlig bønn, om håp. Diktet taler direkte til lesere over hele verden.

– Nei, vi blir ikke lei.

Et flerfoldig hurra for et vakkert og sympatisk land som har vist sine beste sider til verden. Det til små penger og uten ski.



Den kjende tyske illustratøren Kat Menschik har laga eit silketrykk med Klaus Andres si omsetjinga til tysk av diktet. Den norske ambassaden i Tyskland brukar dette til gåver til viktige samarbeidspartnarar.

## **DAS IST DER TRAUM**

*Oversatt til tysk av Klaus Anders*

Das ist der Traum, den wir tragen,  
daß etwas Wunderbares  
geschieht,  
geschehen muß –  
daß die Zeit sich öffnet,  
daß das Herz sich öffnet,  
daß Türen sich öffnen,  
daß der Berg sich öffnet,  
daß Quellen springen –  
daß der Traum sich öffnet,  
daß wir in einer Morgenstunde  
gleiten  
in eine Bucht, um die wir nicht  
wußten.

## **IT IS THAT DREAM**

*Oversatt til engelsk av Olav Grinde.*

It is the dream we carry  
that something wonderful  
will happen,  
that it must happen –  
that time will open,  
that our hearts may open,  
that doors shall open,  
and the mountain shall open  
that springs will gush forth –  
that our dream will open,  
and that one morning we'll glide  
into a cove we didn't know.

## **DET ER DEN DRAUMEN**

Det er den draumen me ber på  
at noko vedunderleg skal skje,  
at det må skje –  
at tidi skal opna seg  
at hjarta skal opna seg  
at dører skal opna seg  
at berget skal opna seg  
at kjeldor skal springa –  
at draumen skal opna seg,  
at me ei morgonstund skal glida inn  
på ein våg me ikkje har visst um.

## KORT OM SKRIBENTANE I DETTE HEFTET

---

**Marit Hafting fødd 1948 i Asker.** Busett på Voss.

Barne- og ungdomspsykiatar. Delvis pensjonert overlege og forskar.

**Olav Ljones fødd 1946.** Busett i Oslo. Samfunnsøkonom

no pensjonist frå Statistisk sentralbyrå.

Leiar i Venelaget Olav H. Hauge.

**Sjur Tjelmeland fødd 1949.** Busett på Valen i Sunnhordland.

I arbeidslivet har han vore journalist og redaktør, dessutan har han skrive ei rad bøker om arbeidsliv, Valen Sjukehus m.m.

**Anne Karin Fonneland, fødd 1956.** Busett på Sunde i Sunnhordland.

Cand. mag. frå Universitetet i Bergen med faga litteraturvitskap, sosiologi og psykologi. Dessutan har ho teke utdanning i mediefag og skulebibliotekteneste.

I arbeidslivet har ho vore innom bibliotek, lærar i grunnskule og den lengste tida i den vidaregåande skulen, frå 2000.

Anne Karin Fonneland er og forfattar. Ho debuterte i 1996 med diktsamlinga Marmormjøl. Seinare det kome seks diktsamlingar, og ho er representert i ei rad antologiar. Ho har og skrive ein roman, Apalgard.


### INNBETALING AV MEDLEMSPENGAR FOR 2020

Medlemspengane kr. 250,- bes betalt inn  
til konto 3450 30 01960,  
Venelaget Olav H. Hauge  
v/ kasserar Anders Opheim,  
Hjeltnesvegen 109, 5730 Ulvik.

NB: Skriv tydeleg namn og adresse på avsendaren!

Det kan også benyttas VIPPS: #586853

Navn: VENELAGET OLAV H. HAUGE



Returadresse: Olav Ljones, Østadsveien 16, 0753 Oslo



## STYRET I VENELAGET

Olav Ljones, leiar - [ola-lj@online.no](mailto:ola-lj@online.no) - tlf 90 69 39 04

Marit Hafting - [Marit.Hafting@uib.no](mailto:Marit.Hafting@uib.no) - tlf 995 50 315

Guri Hjeltnes - [guri.hjeltnes@hlsenteret.no](mailto:guri.hjeltnes@hlsenteret.no) - tlf 452 30 353

Kamilla Systaddal - [kamisyst@gmail.com](mailto:kamisyst@gmail.com) - tlf 464 22 510

Ingebjørg Winjum - [Ingebjorg.Winjum@granvin.kommune.no](mailto:Ingebjorg.Winjum@granvin.kommune.no) - tlf 404 03 863

Redaksjon for dette heftet: Marit Hafting, Olav Ljones (redaktør),  
Ingebjørg Winjum.

